

## Kommuneplanen sin arealdel

### Folkemøte Ose 3. juni 2021

Desse møtte:

Prosjektleiar

3 repr frå Plan-, miljø- og ressursutvalet

2 tilsette frå DFV

32 innbyggjarar

---

Prosjektleiar informerte først om bakgrunn, medverknad, saksgang m.m. vedrørande kommuneplanen.

Deretter vart det opna for kommentarar og spørsmål/tankar om arealdelen i kommuneplanen. Under følgjer innspel som kom fram i møtet.

#### Bustad:

Kor skal vi ha nye/større bustadar?

Dei som ynskjer å flytte til Bygland kommune bør kunne få seie kor dei ynskjer å bu. Spreidd bustad og fjordnært er områder ein bør prioritere.

Ikkje legge for mange avgrensingar i planen. Må vere offensiv. Tomter nede ved fjorden vil vere meir attraktive for potensielle kjøparar.

Kommunen bør rydde og halde dei tomtene som er klare i dag fine og attraktive.

Ekspropriere Neset i Bygland.

Fjorden må vere tilgjengeleg for ålmenta. Bør vere varsam med å binde opp areal som er fjordnært.

Mange småbruk står tomme. Tilretteleggje for større tomter som folk kan utvikle til småbruk.

Område frå Ose bru og sør til Viki bør utviklast og kan vere eit flott bustadområde.

#### Næring/forretning

Etterspør næringsareal der folk bur.

Kva for planar er det rundt Ose Water? Vanskeleg å få næringsutvikling på Austad om ein ikkje får ny bru.

Begynner Nesmoen å bli tomt for næringsareal? Er det solgt for store og for billige arealer?

Kan nord forbi skjotebanen vere aktuelt som næringsareal?

Har kommunen sett seg ut aktuelle områder til næringsareal?

Er område Almedal sag aktuell til næringsareal eller bustad?

Mathall på Ose, kan det vere aktuelt i fortsettinga av Ose matmarknad?

Ikkje opne nye massetak, men la ein halde fram med dei som er. Vere forsiktig med å ha for mange massetak i eit område då det kan medføre utilsikta konkurranse.

Jordbruk og skogbruk. Kan vi få til meir aktivitet. Landbrukspolitikken fremjar ikkje mindre bruk. Kan vi få til meir nisjeproduksjon i Bygland? Kan kommunen hjelpe til meir og vere pådrivar for å utvikle mangfold og nisjeproduksjon? Få til eit meir mangfaldig miljø og motiverer folk til å starte opp. Kommunen gir kommunale tilskot til nisjeproduksjon det er positivt.

Flytting av Bygland sentrum slik at butikkar er meir synleg frå rv.9. Ein bør ha ein betre plan for korleis ein ynskjer å utvikle Bygland sentrum.

Bør få vist fram Prestneset. Ta ned fleire tre og halde det fint og ryddig. Sumpområdet bør gravast opp og utviklast.

Sjå kor bra det har blitt på Støylehommen.

Dei fleste gründerrar trenger eit bygg. Har kommunen tenkt på å få bygd eller lagt til rette for nybygg der gründerar kan leige areal eller kjøpe seg inn?

Få ei hytte til å bli fleire.

Kan kommunen få til eit større prosjekt for å friskmelde areal for ras- og flomfare. Kan kommunen bidra eller å få til hjelpeordninga for dei som treng å friskmelde areal for ulike tiltak.

## **Samferdsel**

Ose bru bør byggast om, ikkje berre vente å sjå kva som skjer med Ose Water. Svært därleg rekksverk (ruster av), farleg av og påkøyrslle. Bru må prioriterast – mange innspel på det. Rapport frå 2012. Alle og særskilt politikarane må påverke fylkestinget for å få inn Ose bru i budsjettprioriteringane.

Ose må gjerast meir trafikksikkert. Kommunen må utfordre fylkeskommunen og statens vegvesen.

Busstopp, gang- og sykkelveg og fartsgrense Reiårsfossen-Ose må på plass.

Parkeringsplassar til friluftsliv og rekreasjon.

Bruke kulturen i Setesdal, historia og plassane for å marknadsføre området.

Ljos i Åraksbø tunellen.

Bygland bør marknadsføre seg som fjordkommunen og bruke dei moglegheitane vi har med Bjoren, slusene, bryggene m.m.

Kulturløyper Ose, Austad, Heistad, Sordal, Langeid – stev, mat. Må få samla inn historiane før dei gjeng i gløyme boka.

Dei gamle heievegane gror igjen. Dei bør friskast opp, få med hyttefolk. Informasjonstavler bør stå langs vegane. Kommunen bør vere pådrivar for å få i gang.

Sette krav til dei som vil bygge ut hyttefelt om at stiar m.m. blir opprett

Vesentleg at innbyggjarane i Bygland blir kjent med si historie slik at ein kan vi kjenner vår identitet.  
Kvífor er det fleire som pendlar inn til Bygland enn som pendlar ut? Kvífor er dert slik?

Midt-Agder friluftsråd: få inn fleire løyper.

### **Friområde/friluftsliv**

Attraktive områder: Dansarplattingen, Reiårsfossen, Rakkeneset, Viki

Badeplass på Reirsfossen må inn i IFK-plan.

Kommunen må gjere grøntområda attraktive. Opparbeiding av parkeringsareal og god søppel handtering.

Kvífor vart det hogge så mykje ved badeplassen ved Grendi? Her vart det hogge i meste laget?

Få til felles dugnadar på badestendar. «Parkvesen» for Prestneset er oppretta.

Fleire som meldte at dei gjerne stilte på dugnadar i kommunen for å få det fint i bygda. Slike dugnadar rundt om i bygdane bør gjerast meir kjent for alle i bygda.

### **Anna**

Kan ein kome med innspel om vindmøller i arealdelen? Ja det kan ein.

Frisbee golf bør òg kome i Bygland.

Kommuneplanen kan reviderast

LNF sprett bustadbygging

Prosjektleiar synte til slutt korleis ein kan gi skriftlege innspel til arealdelen ved å bruke digitalt skjema på kommunen si heimeside.

Referent:

Inge Olav Fjalestad